

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 29.11.2016 KL. 12.15 – 14.10

Til stades: Anne Beate Maurseth (leiar), Thorsteinn Indridason (for Helge Sandøy), Jørgen Bakke (for Henning Laugerud), Christine Hamm, Torodd Kinn, Synne Ytre Arne, Sunniva P. Johansen og Håvard Peersen.

Fråfall: Lars Sætre

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
- II. Framlegging av referat frå møtet 5.12.2015
Det var ingen kommentarar til referatet.

8. Prosedyrar for tilsetting i stipendiatstillingar - vedtakssak

FFU hadde ein grundig diskusjon av korleis LLE skal handtera bedømmingsprosessen ved tilsetting i stipendiatstillingar slik at han er i tråd med fakultetet sine retningslinjer. Moment frå ordskiptet:

- Kva tid vil det vera behov/ikkje behov for å peika ut spesialsakkunnige? Det må vera sterke søkjarar frå eit fagområde for å peika ut spesialsakkunnige frå dette fagområdet. Komiteen vil måtta «sile» ut søkjarar som ikkje er kvalifiserte eller av andre grunnar ikkje når opp i konkurransen (t.d. svake karakterar, fagleg bakgrunn/prosjekt som ikkje kan rettleiast ved instituttet).
- Det kan vera nyttig at dei spesialsakkunnige vurderer søkjaren sin fagelege kompetanse/eventuelle publikasjonar i tillegg til å vurdere prosjektskissa. Det var semje om å ta dette inn i framlegget til vedtak.
- Den nye ordninga medfører ei viss auke i arbeidsmengde for den sakkunnige komiteen.
- Det vart tatt til orde for at stipendiatstillingane i framtida bør fordelast/prioriterast mellom fagområda før utlysing. Fleire støtta dette synspunktet.

Vedtak:

Ved utlysingar av opne stipendiatstillingar ved LLE skal det peikast ut ein overordna sakkunnig komité på fire personar (utpeikt av fakultetet etter forslag frå instituttet). I tillegg til forskingsleiar ved LLE (som er leiar av komiteen) skal det peikast ut ein representant frå faga allmenn litteratur, nordisk

litteratur, klassiske fag, norrøn filologi, ein representant frå faga allmenn lingvistik, datalingvistik, nordisk språk inkl. islandsk, norsk som andrespråk og ein representant frå faga kunsthistorie, teatervitskap, digital kultur. Det kan etter behov peikast ut inntil to spesialsakkunnige frå kvart av fagområda ved instituttet. Dei spesialsakkunnige si oppgåve er å gje ei fagleg vurdering av kvar einskild søkjar si prosjektskisse og annan fagleg kompetanse. Den overordna sakkunnige komiteen gjer ei vurdering av søkjarane, med bakgrunn i bidrag frå spesialsakkunnige, og rangerer dei beste søkjarane.

9. Behov for tiltak for økt publisering – diskusjonssak

Håvard orienterte om saka og ulike tema vart drøfta:

- Insitamentsordningar i form av lønn/driftsmidlar kan hjelpe, og dette forslaget kan ein ta opp med jamne mellomrom (når den økonomiske situasjonen vert betre).
- Lett tilgjengeleg informasjon om tidsskrift på nivå 1 og 2 vil vera nyttig.
- Instituttet kan be kvar einskild forskar om å laga forskings- og publiseringsplan. Dette ligg som forslag i utkast til ny instituttstrategi.
- Følgje opp kvar einskild forskar i medarbeidersamtalar. Freista å hjelpe dei som slit med forskning/publisering.

Det er rimeleg at instituttet bidreg til å av-privatisera forskinga, og det kan vera nyttig å henta inn informasjon om korleis andre institutt handterer dette.

10. Rettleiarforum ved LLE – diskusjonssak

FFU viste interesse for at det vert etablert eit rettleiarforum ved instituttet (oppfølging av sak 7/15).

11. Rapport frå STIP-HF om rettleiingssituasjonen ved fakultetet – diskusjonssak

FFU drøfta STIP-HF sin rapport frå 2015 om rettleiingssituasjonen for ph.d.-kandidatane ved fakultetet. Fleire viktige moment for ein god rettleiingssituasjon vart trekt fram:

- Det er viktig at rettleiarane er klar over det ansvaret dei har for å trekkja ph.d.-kandidatane inn i fagmiljøet og hjelpe dei med nettverksbygging.
- Forventningsavklaring mellom kandidat og rettleiar er viktig.
- Det kan vera nyttig at det vert laga eit skriv/punktliste med informasjon for rettleiarane.

Tematikken vil verta følgt opp i startsamtalor med nye ph.d.-kandidatar og rettleiarane deira, samt i rettleiarforum ved instituttet.

12. Orienteringssaker

a) Open access

Saka vart utsett til neste møte.

b) Komitésamansetjing ved innlevering av avhandling

Presisering: Ph.d.-kandidaten IKKJE skal vera med i prosessen rundt oppnemning av komité. Ph.d.-kandidaten kan gjerne leggja fram namn på personar som kan vera aktuelle å ha med i komiteen, men ph.d.-kandidaten skal ikkje vera involvert i diskusjonar om komitésamansetjing når prosessen med å foreslå komité er sett i gang

c) Registrering av 2016-publikasjonar i Cristin

Håvard orienterte om at fristen for å melda inn tidsskrift i nivå-systemet til NSD er 30.11. Det er sendt ut informasjon om dette på e-post til alle tilsette ved LLE.

d) Innhenting av årsrapportar frå forskargruppene og samlingane

Håvar orienterte kort om at frå forskargruppene og samlingane må levera årsrapportar innan 9. januar 2017. Forskargruppene vil verta bedne om å informera om publikasjonar som er eit direkte resultat av aktiviteten i forskargruppa. Det var semje om at forskarskulane bør levera årsrapportar både til IF og LLE.

e) Midtvegsevaluering

Anne Beate orienterte om at det vil verta lagt eit større fagleg fokus i midtvegsevalueringane ved at komiteen vert utvida med ein person frå ph.d.-kandidaten sitt fagområde.

f) Handlingsplan for forskarutdanning

UiB sin handlingsplan for forskarutdanning (2016 – 2022) vart lagt ved innkalling som oritering.

13. Ymse

- Jørgen Bakke tok opp temaet «**Forskingstid og administrasjonskultur på LLE**». Det vart ikkje tid til å drøfta denne saka og saka vert tatt opp på nytt.

2.12.2016

Anne Berit Apold, skriver